



KANDIDAT

9212

PRØVE

NO-156 1 Norsk for barnetrinnet 2

Emnekode	NO-156
Vurderingsform	Skriftlig eksamen
Starttid	03.12.2018 09:00
Sluttid	03.12.2018 15:00
Sensurfrist	28.12.2018 00:59
PDF opprettet	29.11.2019 14:22
Opprettet av	Digital Eksamens

NO-156, generell informasjon**Emnekode:** NO-156**Emnenavn:** Norsk for barnetrinnet 2**Dato:** 03.12.18**Varighet:** 6 timer**Tillatte hjelpeemidler:** Ingen**Målform:** Nynorsk

Merknader: Studenten skal svare på oppgave 1 (teller 1/3) og enten oppgave 2a eller 2b (teller 2/3). Begge oppgavesvara må være tilfredsstillende.

Det forekommer av og til spørsmål om bruk av eksamensbesvarelser til undervisnings- og læringsformål. Universitetet trenger kandidatens tillatelse til at besvarelsen kan benyttes til dette. Besvarelsen vil være anonym.

Tillater du at din eksamensbesvarelse blir brukt til slikt formål?**Velg et alternativ** Ja Nei

Besvart.**1 Oppgåve 1****Oppgave 1****Kortsvar (teller 1/3)****Valgfrihet og normering**

Valgfrihet er et sentralt normeringsprinsipp i norsk. Grei kort ut om dette prinsippet og om hvordan valgfriheten kommer til uttrykk i bokmål. Illustrer utgreiinga med egne eksempler. Ta gjerne utgangspunkt i tekstuvedlegget «Åssen går det med radikalt bokmål?».

Skriv ditt svar her...

Etter unionsoppløsninga med Danmark hadde Noreg eit språk som låg langt unna talemålet i landet. Det var store forskjellar mellom korleis ein snakka og kva ein skreiv, noko som blant anna gjorde det vanskeleg for barn å lære seg å lese og skrive på skulen. På starten av 1800-talet kom det derfor fleire reformar i det norske språket som ville gjere skriftspråket meir likt talemålet. Ord fra Danmark som til dømes *charakter*, ble bytta ut med den meir ortofone varianten *karakter*. Det var også eit ynskje om å gjere skilnaden mellom nynorsk og bokmål mindre, og ved at man opna opp for ein rekke valfrie formar hadde ein

som mål å skape samnorsk. Ikkje alle var like fornøgde med disse reformane, og det oppstod eit radikalt og eit liberalt bokmål og nynorsk, kor ein i kvar målform brukte dei mest "ekstreme" variantane. I dag har vi framleis ein rekke valfrie formar i begge målformane, men eit felles skriftspråk er ikkje lenger målet.

Det har altså lenge vore eit sentralt prinsipp i normeringa at ein skal ha fleire variantar å velje mellom. Dette opnar for at ein kan velje den formen som ligg nærmast talemålet sitt. Bokmål som målform har mange brukarar med stor variasjon i dialekt, samstundes har dei fleste eit tilnærma likt skriftspråk. Ein kan lure på om dette kjem av mangel på kunnskap om dei valfrie formane, eller om det er sånn som Kjersti Wictorsen Kola skriv i sin artikkel, at det er ein allmenn oppfatning av kva slags variantar som er vanligast å bruke i bokmål. I norsk har vi fleire normeringsprinsipp i tillegg til valfridomsprinsippet, og eg tror at til dømes ursusprinsippet og prinsippet om at det er språket som overklassen bruker som er det mest korrekte, også kan påvirke kva slags syn ein har på dei alternative variantane som ligg nærmare talemålet. Jamfør ursusprinsippet skal språket normeres etter kva slags språk som blir brukt i publiserte artiklar, og fordi ein sjeldan les avisartiklar kor det blir brukt variantar som *åssen* i staden for *hvordan*, og *arbeidd* i staden for *arbeidet*, kan det vere lett å tenkje for folk flest at variantane ikkje er like vanlege.

Vi bruker språk til mange ulike formål, og ettersom kva ein skal gjere med språket er det også vanleg å velje ein passande stilform. I til dømes prekenar og andre situasjonar som er heva over kvardagen, vil språket ofte ha ein høystil. Les ein artiklar vil desse ofte ha ein normalstil, medan sms-ar og annen uformell kommunikasjon vil vere skriven i lavstil. Fordi lavstil er stilformen som ligg nærmast talemålet til dei fleste, vil ein kanskje også tenkje at ein tekst der ein bruker dei talemålsnære formane blir uformell. Ein anna grunn til at mange ikkje tar i bruk dei valfrie formane når dei skriv, kan vere at fleire av desse lenge var sidestilte formar, dei hadde ikkje den same statusen som hovudformen. I dag har vi

ikkje lenger sidestilte formar, men det kan verke som om den lågere statusen framleis henger litt igjen.

Dei valfrie formane handlar både om bøyingsmåtar og om skrivemåtar. Bøyingsmåtane går ofte på kva slags kjønn substantivet har, og kva preteritumsforma av verbet kan vere. Det er til dømes godkjend å skrive både *ein tavle* og *ei tavle*, *ein stilling* og *ei stilling*, og bøye det deretter. Verb med valfri ending i preteritum er til dømes *sykla* og *syklet*, *hoppa* og *hoppet*. Vi har også nokon ord der fleire skrivemåtar av det same ordet er godkjend, til dømes *fremover* og *framover*. *Kjerka* var lenge godkjend som ein variant av *kirka*, men på grunn av prinsippet om at varianten må vere i bruk av mange, er ikkje lenger dette ein godkjend variant. Dette er eit typisk døme på kva som kan skje når to normeringsprinsipp kjem i konflikt med kvarandre.

Besvart.

2 Oppgåve 2

Oppgave 2 - Du skal svare på ei oppgave Langsvar (teller 2/3)

Enten

A) Elevtekst

Grei ut om sterke og svake sider ved den vedlagte elevteksten «Den farlige fisketuren», der du viser til relevante eksempler fra elevteksten.

eller

B) Skriveopplæring

Ta utgangspunkt i *Skrivetrekanten* (Smidt 2010). Forklar hva modellen fokuserer på og grei ut om hvordan du vil ta hensyn til dette når du skal planlegge skrivesituasjoner på mellomtrinnet. Legg særlig vekt på hvordan arbeid med *modelltekster* og *skriverammer* kan relateres til dette arbeidet.

Skriv ditt svar her...

B) Skriveopplæring

Ta utgangspunkt i Skrivetrekanten (Smidt 2010). Forklar hva modellen fokuserer på og grei ut om hvordan du vil ta hensyn til dette når du skal planlegge skrivesituasjoner på mellomtrinnet. Legg særlig vekt på hvordan arbeid med modelltekster og skriveramme kan relateres til dette arbeidet.

Når elevane startar på skulen skal dei i fyrste omgang skrive for å lære seg å skrive. Etter kvart som dei utviklar seg i skrivinga vil dei, jo eldre dei blir, meistre fleire skrivehendingar. Skriveopplæringa på mellomtrinnet bør derfor vere prega av at elevane utvidar kva dei bruker skrift til, og kva dei har som formål med skrivinga si. Dei skal ikkje lenger berre skrive for å lære seg å skrive, dei skal også skrive for å lære og for å kommunisere med andre. Skriving i skulen har dessverre ofte vore prega av skriveoppgåver som ikkje har noko forankring til korleis ein bruker skriving ellers i samfunnet. Den typiske skulestilen er eit døme på dette, ein tekst ofte utan formål og mening - berre for å skrive noko. For at elevar skal forstå viktigheita med skriving kan det vere ein god hjelp for lærarar som skal lage skriveoppgåver å ha Skrivetrekanten i bakhovudet. Dette verktyet minner oss på å stille spørsmåla: *kva, kvifor og korleis* ein skal skrive.

I denne oppgåva vil eg gjere greie for korleis ein som lærar kan bruke Skrivetrekanten som eit verkty i arbeidet med skriving på mellomtrinnet. Vidare vil eg ha fokus på korleis ein kan bruke modelltekstar og skriverammar i skriveopplæringa, med Skrivetrekanten i bakhovudet. For å tydeliggjere dei ulike arbeidsmåtane vil eg ta utgangspunkt i ein tenkt skriveoppgåve eg trur vil passe til elevar på mellomtrinnet, og vise korleis eg brukar Skrivetrekanten, modelltekstar og skriverammar i dette arbeidet. Eg vil også sei noko om dei ulike fasane i ein skriveprosess, sett i samanheng med Skrivetrekanten.

Skrivetrekanten er ein modell som skal hjelpe oss som lærarar å tenke over kva ein vil med elevanes skriving, men kan også brukast som eit

hjelphemiddel for elevane sjølv når dei skal skrive. Som modellen nedanfor viser, stiller Skrivetrekantens tre spørsmål - *kva*, *kvifor* og *korleis*. Det handlar om kva eleven skal skrive om, kvifor eleven skal skrive og korleis han skal skrive. Inn under desse tre spørjeorda kan ein stille fleire underspørsmål.



I en førskrivesfase vil det fyrste spørsmålet vere: **Kva** skal eg skrive om? For at elevane skal kunne skape ein god tekst, er det vesentleg at dei har noko å skrive om. Fordi skrivesituasjonar i skulen ofte kan vere litt kunstige, er det viktig at elevane får ein kontekst rundt det dei skal skrive. Når ein skriv i andre situasjonar i kvardagen har ein ofte allereie ein formeining om kva, kvifor og korleis ein skal skrive, og ein trenger ikkje å bruke tid på å tenkje særleg mykje igjennom desse tre spørsmåla. Allikevel er dette noko som ein må lære, og gjennom skriveopplæringa i skulen skal ein etter kvart kunne sjå kva slags skrivelæring som eignar seg til formålet ein har med skrivinga si.

Når ein som lærar skal lage gode skriveoppgåver, kan ein fort anten gå i den eine eller den andre grøfta, oppgåvene kan bli for opne og dei kan bli for lukka. Samstundes som ein vil at elevane skal få rom til å tenkje sjølv, kan det for mange elevar være ei stor utfordring om dei ikkje får tilstrekkeleg veileiding på kva dei skal skrive om. Om ein gir for mange krav til kva dei skal skrive om, kan det på den andre sida føre til at dei ikkje kjem i gong med skrivinga, eller ein kan få ein tekst heilt utan eigne tankar og fantasi. Elevens skriving kan da berre bli ein respons på det han trur læraren vil at han skal svare på oppgåva. I førskrivesfasen kan ein som lærar ta i bruk fleire hjelphemiddel for å gje elevane inspirasjon og motivasjon til skrivinga si. Det kan til dømes vere ein gjenstand eller eit

bilete, ei felles oppleving eller eit tema. Uansett kva ein veljer å gjere, er det viktig at ein varierer i oppgåvetype og kor opne eller lukka dei er. I denne oppgåva vil eg ta utgangspunkt i at elevane har fått i oppgåve å skrive eit intervju der dei skal intervjuje kvarandre om deira mening om eit bestemt tema eg veit at dei fleste elevane har noko bakgrunnskunnskap om og ein interesse for. På denne måten vil det vere klart for elevane kva dei skal skrive om, samstundes som dei til ein viss grad har rom for å prege teksten med eigne tankar og ideear.

Eit intervju er ein skrivelining som også skjer utanfor skulen, og elevane på mellomtrinnet har sannsynlegvis allereie erfaringar med kva eit intervju er og korleis det kan sjå ut. Jamfør Skrivetrekantens andre hjørne, er det viktig at elevane har eit formål med skrivinga si, at dei har ein tanke om **kvifor** dei skriv. Kva vil dei formidle med teksten sin, og kvifor skriv dei det dei gjer? Eit intervju er ein tekstype kor formålet med teksten forhåpentlegvis vil vere klart for elevane og dei vil ha ein forståing for kvifor dei skal skrive. Det er allikevel opp til kvar enkelt elev å velje kva dei vil formidle og kva dei vil legge fokus på i intervjuet. Det å skrive eit intervju vil også trenre mottakerbevisstheita til elevane, og dei vil bli utforda på kor mykje informasjon dei må gje for at ein leser skal kunne forstå bodskapen i teksten. Det siste hjørnet på Skrivetrekanten er **korleis**. Når elevar skal skrive ein tekst faller det ikkje nødvendigvis naturleg inn korleis dei skal byggje opp teksten sin. For mange elevar er fortelljingssjangaren ein sjangar dei kjenner og meistrar godt, og det faller dem naturleg å bruke denne i dei fleste typar oppgåver. Derfor er det viktig at elevane får kjennskap og erfaringar med fleire typar sjangrar, og at dei etter kvart meistrer å skrive tekstar i ulike typar sjangrar. Eit godt hjelphemiddel for å utvide sjangarkunnskapen til elevane vil vere å bruke modelltekstar og skriverammer.

Ein **modelltekst** er ein tekst som er skriven i same sjangar som oppgåva elevane skal skrive, og som lignar på teksten ein ynskjer at elevane etter kvart skal skrive sjølv. I arbeidet med å lære å skrive eit intervju passar det godt å bruke ein modelltekst. Den fyrste delen av sjølve skrivesfasen

vil vere å formulere nokon spørsmål og notere ned svara dei får i svar. I denne delen av skrivefasen kan ein bruke ein liste over kva slags spørsmål ein kan ha med i eit intervju som en slags modelltekst. Dette vil kunne hjelpe elevane til å få ein forståing for kva slags spørsmål som kan gje gode og interessante svar, og dei får ein veileiing på kva som er forventa spørsmål under eit intervju. Etter at elevane har intervjuat kvarandre og har fått svar på dei spørsmåla dei stilte, vil neste moglegheit til å bruke ein modelltekst vere å vise dei eit døme på korleis ein kan omforme spørsmål og svar til ein reportasje. Ein kan da vise korleis ein ferdig reportasje ser ut, og for å hjelpe elevane til å kome fram til eit lignande resultat, kan ein også gje dei ei slags skriveramme for oppgåva si. Dette blir då den andre delen av skrivefasen, og ein omarbeiding av teksten dei har skrive så langt.

Ei **skriveramme** er ein slags oppskrift på korleis elevane kan byggje opp teksten sin. På mellomtrinnet skal elevane blant anna meistre å skrive ein argumenterande tekst, noko som kan vere utfordrande sjangar og som vil kreve ein god del trening. Gjennom å bruke ei skriveramme vil eleven få moglegheit til å utvide sjangerforståelsen sin, og få hjelp til å forstå korleis ein byggjer opp teksten sin innanfor ein bestemt sjangar. Ei skriveramme blir på denne måten eit slags stillas for skrivinga til eleven, jf. Vygotsky, og elevane vil kunne få ein forståing for kva som er forventa når ein skriv i den bestemte sjangaren. I skrivesituasjonen eg har skissert i denne oppgåva, kor elevane skal lage ein reportasje, kunne skriveramma til dømes sett sånn ut:

Skriveramme	Elevens svar
<p><i>Innleiing</i></p> <p>- Noko intervjuobjektet har svart som du tror kan skape nysgjerrighet hos mottakaren</p>	

<ul style="list-style-type: none"> - Info om intervjuobjektet ditt: <p>kven har du intervjuat og kvifor?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kor møter du intervjuobjektet ditt? 	
<i>Hovuddel</i>	
<ul style="list-style-type: none"> - Spørsmål og svar skriven om til tekst 	
<i>Avslutting</i>	
<ul style="list-style-type: none"> - Ein oppsummering av kva du har fått fram i intervjuet 	

Som eg har vist gjennom dømet med å skrive eit intervju, er ein som regel gjennom fleire fasar når ein skal skrive ein tekst. Det er særleg i førskrivesfasen at Skrivetrekanten er viktig, men ein bør heile tida ha den i bakhovudet når ein jobbar med skriving. I sjølve skrivesfasen vil elevane ha god hjelp av å ta i bruk ein modelltekst og/eller ei skriveramme som kan fungere som eit stillas til skrivinga deira. Målet med å bruke desse hjelpemidla er at dei etter kvart vil klare å skrive lignande oppgåver utan å bruke ein modelltekst eller ei skriveramme. Etter at ein har skrive ein tekst, kan det også vere nyttig å ha ein etterskrivesfase. I arbeidet med eit intervju kunne ein til dømes presentert intervjeta for kvarandre i klasserommet i etterskrivesfase.

Som norsklærar på mellomtrinnet er det viktig at ein tenkjer over kva ein vil med skriveopplæringa ein driv med. Elevane skal ikkje berre skrive for å lære seg å skrive, dei skal kunne lære av det dei skriv og kommunisere med andre. Dei skal altså meistre både tenkjeskriving og presentasjonsskriving. Som lærar må ein hjelpe elevane til å sjå viktigheita av kvifor dei skal lære seg å skrive, og kvifor ein heile tida

må utvikle seg som skrivar. Skrivinga til elevane bør vere plassert i ein kontekst og ha eit tydelig formål, og elevane må få moglegheit til å sjå fleire av stadane i samfunnet ein vil ha bruk for gode skrivedugleikar. Gjennom å ha fokus på Skrivetrekantens *kva*, *kvifor* og *korleis* når ein planleggjar skrivesituasjonar, samstundes som ein varierer skrivehendingar, trur eg ein vil kunne motivere og engasjere elevane til å skrive gode tekstar. Det er viktig at elevane får erfaringer og kunnskap til fleire sjangrar og at dei vil finne igjen dei sjangarane dei lærer på skulen i samfunnet.

Besvart.